



Fylkesmannen i  
Hordaland



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE



# Inspirasjonskonferanse for 8 kommunar i Sunnhordland Os 11. – 12. september 2014


## Aktive kommunar – Attraktive lokalsamfunn Rapport



Os sjøfront

## **Tid til refleksjon om samfunnsutvikling; LUK – 8 kommunar inspirert i og av Os**

Kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes med 8 ordførarar i spissen var samla 11.-12. sept. på Solstrand i Os til inspirasjonskonferanse om samfunnsutvikling. Samlinga var den tredje i ein serie på 4 for ordførarar, rådmenn og personar med særleg ansvar for samfunnsutviklinga i kommunane. Deltakarane vart inspirert, fekk gode eksempel, delte erfaringar og tok seg tid til å fokusera på samfunnsutvikling i eigen kommune.



Solstrand hotell var ei flott ramme om inspirasjonssamlinga



Magne Raknes,, Bård Sandal og Paul J. Manger



Ruth Larsen, Frida Halland og Aina Tjosås i samtale

Håkon Frode Særsten, Liv Kari Eskeland, Kjetil Hestad og Terje Søviknes i meiningsutveksling



**Denne rapporten refererer dei moment og innspel som vart presentert av deltakarane gjennom gruppearbeidet. Nokre moment kan vera i motstrid med kvarandre, men rapporten er meint å vera eit grunnlag for vidare arbeid i kommunane og regionen.**



## INNLEIINGAR

### Regionalt partnerskap

Inspirasjonskonferansen 11. – 12. september var eit arrangement i regi av LUK (lokalsamfunnsutvikling i kommunane) der partnarskapen: Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og Innovasjon Norge var vertskap og arrangør.

**Ole Andreas Smette**, avdelingsleiar i Innovasjon Norge orienterte om partnarskapen og om den strukturen som er tilrettelagt for å støtta opp om aktørane i lokalsamfunnsutvikling. Han poengterte mellom anna at erfaring har vist at nettverk og kompetanse er viktigare enn økonomisk stimulering.

**Bård Sandal**, fylkessdirektør for regional utvikling i Hordaland fylkeskommune roste kommunane

*Ole Andreas Smette poengterte drivarane for innovasjon: Tettheit, Mangfald, Nærheit og Sosiale band.*



for deira innsats og kompetanse i samfunnsutviklinga, og uttrykte ønske om at det regionale nivået kan vera ein god støttespelar for kommunane. Han peika på den krevjande oppgåva det er for kommunane å innfri alle dei lovpålagte oppgåvene, og samtidig prioritera ressursar og kapasitet til samfunnsplanlegging. Kommunane må likevel greia å prioritera samfunnsplanlegging. Viktig i dette arbeidet er det å stimulera og støtta opp om dei som på ulike vis på frivillig basis og i eigen regi gir bidrag til samfunnsutviklinga. Gje dei ein klapp på skuldra!

### Os inspirerer

**Terje Søviknes**, ordførar i Os informerte om arbeidet med samfunnsutvikling i Os. Ein engasjert ordførar fortalte om eit langsigkt arbeid med mange utfordringar, men der kommunen hadde skaffa seg handlingsrom ved å få kontroll på kjerneoppgåvene, skapt og forankra ein visjon og definerte kjerneverdiar, og hadde lukaast med å gjennomføra store prosjekt. Og ikkje minst hadde planar for vidare utvikling.



*Oselvarar, Noregs nasjonalbåt, ved Oselvarverkstaden på Osøyro*



*Søviknes fortalte: Os vil byggja ei merkevare der visjonen er: «Eit samfunn med vekstkrift og evne til å fornya seg sjølv.» Og kjerneverdiene er:*

- Vi vil skapa resultat.
- Vi gjer det vi seier.
- Vi lyttar med respekt.
- Vi meiner entusiasme inspirerer.

Søviknes tok deltagarane med på ei vandring gjennom Osøyro og fortalte om prosjekt og prosessane. Turen enda på Oseana, kulturhuset i Os. Her orienterte **Berit Steen**, arrangementsansvarleg for Oseana om bygget som er eit prislønna miljøbygg med stor fleksibilitet, og

som har stor breidde i aktivitet. Oseana er ei kulturell storsatsing, og har gitt mange nye tilbod til innbyggjarane. Men det er ei utfordring å få til den rette samansetjinga av tilbod og skaffa ønska inntekter. Driftsbudsjettet er ca 20 mill. der kommunen bidreg med vel 4 mill.





*Flinke klaverelevar i kulturskulen underhaldt konferansedeltakarane, og det var eit kort besøk i kunstsamlinga.*

*Helge André Njåstad, leiar i kommunal og forvaltningskomiteen på Stortinget, her fotografert ved Os sjøfront*



### **Helge André Njåstad**

Konferansedeltakarane vart samla på scena i kulturhuset og leiar i Kommunal- og forvaltningskomiteen på Stortinget Helge André Njåstad orienterte. Han gav representantane tips og råd om korleis arbeidet i Storting og regjering føregår, og om korleis ein kan arbeida for å gje innspel til saker og prosessar. Han fortalte at det er venta at oppgåvefordelinga mellom dei 3 forvaltningsnivåa vert avklart rundt nyttår, og at arealpolitikken kanskje vert liggjande på to nivå.

Njåstad orienterte om arbeidet med revisjon av plan- og bygningslova, ei lov han beskrev som «den viktigaste lova for samfunnsutvikling». Han gav ros til Fylkesmannen for hans evne til å endra fokus i samsvar med statleg politikk, og for arbeidet med å samordna motsegner i plansaker, der han meinte prøveprosjektet hadde vore vellukka. Han forventar at ordninga med samordning av motsegner vert ei varig ordning.

Komitéléiarene oppsummerte med desse momenta:

- ✓ Kommuneplanen er viktig verkty – skriv sjølv.
- ✓ Arealpolitikk er samfunnsutvikling
- ✓ Ta styring – ikkje overlat arealpolitikken til sakshandsamarar.
- ✓ Ta initiativ – utfordra regelverket vidare.
- ✓ Still topptungt i møte med fylkesmenn.
- ✓ Godt samspel politikk – administrasjon er viktig



## KVA ER «FÅ-TIL-FAKTORANE» I OS?

**(Observert av kommunane i Sunnhordland – gruppearbeid)**

### OS INSPIRERER!!

#### Kultur for entreprenørskap/kremmarånd

- Entusiasme, men i langsigktig og helhetlig perspektiv
- Har bygd felles kultur for utvikling
- Definerte og klare verdiar
- Positiv grunnhaldning
- Engasjert og visjonær ordførar – Fokus på mulegheitene
- «Rett ordførar» - over lang tid
- Handlekraft
- Engasjement for samfunnsutvikling
- Pragmatisme

#### Erkjenne behovet for endring

- Endringsvilje
- Evne til nytenking/sjå nye løysingsmodellar/kreativitet
- Geografisk pressområde fører til nytenking
- Kreativitet og vilje til utnytting av naturgitte fordelar
- Einigkeit om langsigktige mål
- Tru på idear, ha entusiasme og våge å stå i det

#### Strategiske val

- Klar politisk styring: mål, foroverlent, kreative løysingar, modige – tør ta fighter
- Langsigktigkeit , stabilitet – unngår vingling
- Forpliktar seg overfor innbyggjarane – tåler å stå i det
- Risikovilje – dristighet
- Tek styringa – sitt i førarsetet
- Langsigktige mål er knytt til strategiar
- Kommunalt entreprenørskap
- Godt leiarskap

#### Alliansebyggjande

- Partnarskapsmodell for samarbeid – kommune/privat/eldsjeler (Ad-hoc, OPS, m.v.)
- Gode relasjonar internt/eksternt gir godt samspel
- Samspel politikk og samfunn
- Organisasjonsform tufta på tillit

#### Marknadsføring/ bruke media

- «Terje-effekten»
- Evne til å selja vara
- Ja – utgangspunkt
- Strategisk kommunikasjon

*Ordførar i Stord Liv Kari Eskeland oppsummerte, som start på dag to, inntrykka av Os slik:*

*Det er heilt avgjerande å ha visjonar!  
– og å kunna fortelja den gode historia.*






*Eit illustrerande bilet frå kvar kommune med moment for god samfunnsutvikling «»sveva over forsamlinga»*



*Konferansedeltakarane vert orientert på kaien av Os Sjøfront av ordførar Søviknes, - og vandrar vidare til Oseana kulturhus.*



*Nye bustader observert under vandringa gjennom Osøyro*



## UTFORDRINGAR OG HINDRINGAR FOR EIGEN SAMFUNNSUTVIKLING SLIK SUNNHORDLANDSKOMMUNANE SER DET

### Motivasjon og deltaking

- Motkrefter og manglande endringskultur
- Manglande konsensus bygdene i mellom
- Gamle kringsgrenser – liten endringsvilje
- Fylkesgrensa – «forskreve oss»
- Sentrumsstagnasjon
- Tett på – alle kjenner alle

### Økonomi og ressursar

- Avgrensing på grunn av kulturminne
- Omlegging av overordna vegnett
- Låge inntekter
- Endring i demografi
- Aukande eldre, minkande unge
- Desentralisert
- Ikkje attraktiv nok for eksterne investorar
- Manglande økonomiske rammer fører til «springe etter» - vekst
- Mangel på arbeidskapital
- Manglande kommunale musklar
- Rolla som regionsenter

### Politikk og haldningar

- Manglande politisk gjennomføringsevne
- Manglande visjon og strategi
- Konkurranse mellom bygdene
- Manglande heilskapstenking
- Manglande politisk samspel - omkampar

### Organisasjon og leiing

- Sårbar, liten administrasjon
- Rekrutteringsutfordringar
- Manglande samarbeid
- Uorden i eige hus
- Mangel på arbeidskapital
- Etterskot på overordna planarbeid

### Tenestetilbod

- Mangel på administrative ressursar
- Sårbar drift på personalsida
- Spredt infrastruktur

### Omdømme

- Ikkje flinke nok til å fortelje dei gode historiene



## **POSITIVE EIGNE FØRESETNADER I FORHOLD TIL UTVIKLING AV ATTRAKTIVE LOKALSAMFUNN**

### **Motivasjon og deltaking**

- Partnarskap
- Operativt og framoverlent næringsliv – investeringsvilje
- Høg gründeraktivitet
- Stort frivillig arbeid og engasjement
- Aktive lag og organisasjoner
- Stor kreativitet og stort mangfold
- Stor, god kulturaktivitet
- Svært aktivt næringsliv som er gründervenleg
- Sterke bygder

### **Økonomi og ressursar**

- Auke i folketal
- Kompetansearbeidsplassar
- Geografisk plassering – naturgitte føresetnader
- Kommunikasjonsknutepunkt
- Positiv sentrumsutvikling
- Vekstkommune
- Natur og omgjevnad
- Rik på ressursar

### **Politikk og haldningar**

- Ja-kommune
- Godt tverrpolitisk handtverk for næringsutvikling, sentrumsutvikling og ny verksemnd
- Næringsvenleg kommune

### **Organisasjon og leiing**

- Handlekraft
- God kommuneplan
- Stor kapasitet på infrastruktur

### **Tenestetilbod**

- Operativ administrasjon med god oversikt
- Kultur – mange frivillige lag og organisasjoner
- Gode bukvaliteter
- Samferdsel i god utvikling
- Fullt vidaregåande skuletilbod med entreprenørfokus
- God infrastruktursatsing

### **Omdøme**

- Merkjevarebyggjer (Næringsliv – idrett – kultur)
- Kommunen har godt omdøme



## KVA FOR LØFT MEINER SUNNHORDLANDSKOMMUNANE MÅ TIL FOR Å STYRKJA SAMFUNNSUTVIKLINGA?

### Austevoll:

Sentrumsplan Storebø

- ✓ Tettstadutvikling
- ✓ Møteplassar
- ✓ Skape begeistring!!!

- Organisering
- ✓ Nytt: Iverksetting av vedteke interkommunalt helsesamarbeid
- Etne vertskommune for frisklivskoordinator
- Evt. adm funksjonshemma

### Stord:

Sentrumsutvikling

- ✓ Opparbeide Torget til ein attraktiv samlingsplass
- ✓ Trekke inn næringslivet
- ✓ Tilrettelegge for opplevingar i sentrum

### Fitjar:

- ✓ Sentrumsutvikling
  - Vegtrase
  - Parkering
  - Næring
- ✓ «Tettstadutvikling»
- ✓ Samarbeid næring - kommune
- ✓ Heilheitstenking – alle på lag - felles mål
- ✓ Utvikling Håkonar næringspark - Alt til rette – lokalisering
- ✓ Ny vegtrase Sælevik, opnar nye område

### Kvinnherad løftet:

Vekst

- ✓ Fergelei Kvinnherad/Stord
- ✓ Økonomi
- ✓ Næringsutvikling
- ✓ Sentrumsutvikling

### Neste løft Tysnes:

- ✓ Gjera noko saman!
- ✓ Gjera noko bra saman!
- ✓ Gjera kjent at me gjer noko bra saman!
  
- ✓ Tysnes sparebank
- ✓ Tysnes kraftlag
- ✓ Tysnes Bladet
- ✓ Tysnes kommune } + 100
  
- ✓ Tysnes pakken
- ✓ Målretta mot unge velutdanna kvinner
- ✓ Felles marknadsføringsplan
- ✓ Enkelt

### Sveio

Ein god stad å bu

Vilje til vekst

- ✓ Byggja Sveio kommune inn i ei ny framtid (kommunestruktur)
- ✓ Skapa gode tilbod - Badebasseng? - Byggja sentrum - Ny barnehagestruktur
- ✓ Infrastruktur -> mulighetane E 39 og Fv 47 - Regulera og leggja til rette for aktivitet
- ✓ Etablira oss som ein klar Ja-kommune
- ✓ Etablira nye boligområde
- ✓ Etablira nye næringsområde


### Etne kommune sitt Løft->

Verdiane: Trygg – Raus – Engasjert

- ✓ Ny kommuneplan
  - Samfunnsdel
  - Arealdel
- ✓ Nytt moderne omsorgssenter
  - Velferdsteknologi


### Neste løft for Bømlo

- ✓ Realisering av industriklynge og utbygging i Rubbestadneset
- ✓ God gjennomføring av sentrumsutvikling
- ✓ Fiskerihamnplan for Bømlo
- ✓ Satsing på politikarrekryttering og opplæring



Gruppearbeid: Kommunane delar erfaringar og utfordringar

Ein «pauseprat» mellom ordførarar;  
Liv Kari Eskeland og Kjetil Hestad



Toralf Røen presenterer fokusområde for Fitjar kommune



Seminararrangør Jorun Gjørwad takkar prosessleiar Magne Bjørnerud for jobben



## DELTAKARLISTE

Kommune m.m.	Namn	Tittel
Austevoll kommune	Renate Klepsvik	Ordførar
Austevoll kommune	Helge Skugstad	Rådmann
Austevoll kommune	Edvard J. Stangeland	Varaordførar
Austevoll kommune	Ruth Larsen	Kommunalsjef
Bømlo kommune	Odd Harald Hovland	Ordførar
Bømlo kommune	Magne Raknes	Nærings- og utviklingssjef
Fitjar kommune	Wenche Tislevoll	Ordførar
Fitjar kommune	Toralf Røen	Utvalseiar Oppvekst og Omsorg
Fitjar kommune	Atle Tornes	Rådmann
Kvinnherad	Synnøve Solbakken	Ordførar
Kvinnherad	Kjell Odd Nygård	Kommunalsjef
Kvinnherad	Tormod Fossheim	Verksemdleiar samfunnsutvikling
Kvinnherad	Emma R. Reigstad	Rådgjevar Kvinnherad næringsservice
Stord kommune	Liv Kari Eskeland	Ordførar
Stord kommune	Håkon Frode Særsten	Politiker
Stord kommune	Ove Kvalnes	Plansjef
Tysnes kommune	Kjetil Hestad	Ordførar
Tysnes kommune	Steinar Dalland	Rådmann
Sveio kommune	Ruth Eriksen	Ordførar
Sveio kommune	Rune Teikari	Formannskapsmedlem
Sveio kommune	Kenneth Tollefsen	Kommunalsjef
Etne kommune	Sigve Sørheim	Ordførar
Etne kommune	Hilde Aarthun Haraldseide	Kommunalsjef
Etne kommune	Frida Halland	Rådgjevar utvikling
Samarbeidsrådet	Reidun Rykkje	
Samarbeidsrådet	Gro Jensen Gjerde	Dagleg leiar
Fylkesmannen	Dirk Kohlmann	Ass. Landbruksdirektør
Innovasjon Norge	Ole Andreas Smette	Avdelingsleiar
HFK	Per Nordmark	Seniorrådgivar
HFK	Jorun Gjørwad	Seniorrådgivar
Os kommune	Terje Søviknes	Ordførar
Os kommune	Aina Tjosås	Plan- og utviklingssjef
Os kommune	Paul J. Manger	Ass. Rådmann
Stortinget	Helge André Njåstad	Leder i Kommunal- og forvaltningskomiteén
HFK	Bård Sandal	Fylkesdirektør for regional utvikling
Magne Bjørnerud AS	Magne Bjørnerud	Prosessleiar

**Rapporten er skiven av Jorun Gjørwad, næringsseksjonen og Per Nordmark, planseksjonen**

**Alle foto: Per Nordmark**





*Borgafjell barnehage, Os*

*Os kommune sin misjon: «Livskvalitet for alle»*

**Takk til vertskommunen Os**



*På veg til inspirasjonskonferanse: Gullbotn*